

# KONTAKTUTVALET FOR SKOGBRUKET I ROGALAND

ADRESSE: KONTAKTUTVALET I ROGALAND, LANDBRUKSAVDELINGA, LAGÅRDSVEIEN 80  
POSTADR: POSTBOKS 59, 4001 STAVANGER

TELEFON: 51 56 87 00

TELEFAKS: 51 56 89 41

Ark. nr. 530 Sak nr 2004/1021

1.06.2004

Landbruksdepartementet  
Avd. for skog- og ressurspolitikk  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Landbruksdepartementet	
Saknr.: 2003/3213	Doknr.: 42
Mottatt: 7 JUN 2004 ASR/UF	
Saksbeh.: BLD	Ark.: 481
Kopi:	Avskr.:

## Høringsuttale – samarbeidsformer i skogforskinga, Høstelandsgruppa si innstilling

Vi viser til brev frå Landbruksdepartementet av 11. mars d.å. om nye samarbeidsformer i skogforskinga. Kontaktutvalet for skogbruket i Rogaland tillet seg å komma med følgjande uttale.

### Innleiing

Høstelandsgruppa har fått i mandat frå Landbruksdepartementet i å greie ut og komme med forslag til framtidig organisering av skogforskinga. Gruppa har komme fram til tre forslag for framtidig organisering. I brevet frå Landbruksdepartementet synest det som departementet, i tillegg til å be om uttalar, sjølv har gitt uttale i saka ved å føreslå ei ny organisasjonsform og avgrense forslaga frå Høstelandsgruppa. Departementet ber om uttale både til Høstelandsgruppa sine forslag og til departementet sine eigne forslag. Kontaktutvalet meiner dette både er uvanleg og uheldig.

Forslaga frå Landbruksdepartementet er lite utgreidde og difor noko vanskelege å ta stilling til. Det er uklart for oss kva som ligg i omgrepa "areal" og "ressursforvaltning" i denne samanheng. Er det til dømes tenkt å ta inn nye, tilgrensande fagområde utover dei tradisjonelle vi har innanfor skog og skogbruk?

Kontaktutvalet er også spørjande til den svært korte fristen Høstelandsgruppa fekk på det oppdraget dei fekk tildelt. På bakgrunn av dei rammevilkåra gruppa fekk, synest den å ha gjort ein solid og god jobb. Men vi hadde gjerne sett at det hadde blitt gitt betre tid og rammevilkår for dette viktige arbeidet. Vi er også kjent med at enkelte av dei institusjonane gruppa har hatt samtalar med er misnøgdde med dei relativt overflatiske samtalanene som vart haldne.

### Framtidige oppgåver, kunnskapsbehov og prioritering

Ein ny forskingsinstitusjon må ha som mål å sikra eit vitskapleg fundament for nærings- og miljøretta verksemd på skogareala og i den verdikjeda som har utspring i skog og skognatur. Ei vurdering av organisasjonsform og samarbeidspartar bør byggja på ei avklaring av kva hovudføremålet med den nye organisasjonen skal vera. Dette meiner vi kjem for lite fram i rapporten. Men vi er samde i at den nye organisasjonen må bli eit "skogsektorens bransjeforskningsinstitutt". Det burde kanskje også vore vurdert tilgrensande fagområde som utmarksnæring.

Organisering av skogforsking i nabolanda er også av stor interesse. Danmark er nemnt, men det ville også vore relevant å trekkje samanlikningar med Sverige og Finland.

### Marknadsorientering og oppdragsfinansiering

Regjeringa har i utgangspunktet bestemt at Skogforsk skal lausrivast frå Landbruksdepartementet, og etablerast som eige selskap. I tillegg er det klare signal om reduksjon i framtidig grunnfinansiering. Forventa storleik på framtidig grunnfinansiering er det ikkje sagt noko om. Utviklinga vil føra til krav om auka marknadsorientering.

Marknadsorientering er heilt nødvendig – forstått slik at den nye skogforskningsorganisasjonen må forska på spørsmål samfunnet og næringa treng svar på. Og organisasjonen må vera attraktiv for både næringa og det offentlege, slik at desse ønskjer å kjøpa FoU-tenester der.

Skogbruk er ei langsiktig næring, og skognaturen er kompleks. Både samfunnet og skogsektoren har difor behov for forskning som tek dette på alvor. Slik langsiktig forskning er til vanleg ikkje i samsvar med marknadsorientert forskning slik denne ofte blir definert. Skogforsk har i dag mange langsiktige forsøk innan produksjonsforskning der det er lagt ned store ressursar, og der det er stort behov for å finna pålitelege svar. Det bør vera eit samfunnsansvar å sikra at slik forskning skjer.

#### **Vurdering av ulike modellar**

Utgangspunktet vårt er at skogforskinga må sikra behovet forskning for ei rasjonell og berekraftig næringsverksemd på skogsektoren. Den må vidare kunna takla både reine forskingsbaserte oppgåver og oppdrag av meir forvaltningsmessig karakter. Skogsektoren i Noreg er såpass liten at det meste av forskning og utvikling innafor sektoren bør samlast mest mogleg grunna behovet for kostnadseffektivitet. Det synest vidare nødvendig å ta omsyn til signala om reduserte offentlege midlar til skogfosking.

På denne bakgrunn vil eit sjølvstendig Skogforsk AS ikkje vera tilstrekkeleg framtidsretta fordi instituttet mest sannsynleg vil vera for lite til å overleva i konkurransen om forskingsmidlar.

Ved å innlemma Skogforsk i den nye organisasjonen Bioforsk vil skogforskinga bli ein del av eit stort og tungt forskingsinstitutt – med dei fordelane det heilt klart har. Men sjølv om fleire av Bioforsk sine satsingsområde ligg nær opp til nokre av Skogforsk sine arbeidsfelt, er det slik vi ser det, ei rekkje behov som vanskeleg kan la seg dekkja på ein god måte innafor Bioforsk. Eksempel er driftsteknisk forskning, transport og logistikk.

Vi har størst tru på ei samling av innsatsen innan skogforsking, utvikling og forvaltning i tilknytning til det skogfaglege miljøet ved NLH. Dette kan skje ved å etablere eit "Senter for skogbruk og utmark" på Ås og vil kunna bli eit randsonelinstitutt for høgskolen. Ved å samle heile eller delar av fagmiljøet ved NIJOS, SKI, Skogfrøverket og landskapsøkologisk avdeling NINA på Ås vil landet få eit slagkraftig institutt der også dei nemnde organisasjonane vil kunna komma styrka ut. Det må likevel etter vår vurdering gjerast ei rekkje avklaringar i høve til fleire av desse organisasjonane. Det er til dømes viktig at NIJOS sine oppgåver i høve til grunnkarta med digitale markslag osb. ikkje blir vesentleg endra. Det må vidare vurderast om ei samling på Ås likevel har behov for "lyttepostar" form av distriktskontor. Manglande nærleik til brukarane er alltid ein reell fare ved sentralisering. For Vestlandet sin del er det såleis utan tvil slik at Skogforsk Bergen har gjort Skogforsk langt meir interessante og tilpassa våre behov.

Med helsing  
Kontaktutvalet for skogbruket i Rogaland

  
Lars Slåtta  
leiar

Stein Bomo (sign.)  
sekretær